



**Til** Årsmøte i Hareid Idrettslag 2019  
**Sak** Fastsette medlemskontingent og treningsavgift  
**Dato** 07.03.19  
**Frå** Hovudstyret

**Sak 10**

### **Formål**

Formålet med dette dokumentet er å fastsette medlemskontingent og treningsavgift for HIL.

### **Bakgrunn**

Medlemskontingenten har vore kr. 250 pr. år for alle i fleire år. Å betale kontingent er eit krav for å oppretthalde medlemskapet i laget.

Trass den lave kontingenten viser rekneskapen at det er store restansar mht innbetaling både for aktive og støttemedlemmer.

Treningsavgifter har vore fastsett av gruppene, gjennom budsjettet som blir handsama av årsmøtet.

### **Vurderingar**

Det er eit mål å halde både medlemskontingent og treningsavgift så lave som mogleg. Spesielt med tanke på programmet «Alle skal med» er dette viktig. Samtidig må laget gjere det klart for aktive og foreldre at betaling er ein føresetnad for medlemskap, forsikring og å vere med på aktivitetar.

### **Forslag til vedtak**

Medlemskontingenten for HIL for 2019 skal vere kr. 250..

Treningsavgifter blir fastsett av gruppestyra.

Årsmøtet pålegg hovudstyret å etablere rutinar som sikrar at medlemskontingent og treningsavgift blir betalt før deltaking i aktivitet.

